



NYTT ORGEL

Når eit nytt orgel skal takast i bruk, kan gudstenesta innleiast på denne måten:

Når det er ringt saman, går liturgen til altaret.

L vend mot kyrkjelyden | Lovsyng Herren!

Lovsyng Gud i hans heilagdom!

Lov han med gjallande horn,

lov han med harpe og lyre!

Alt som har ande, skal lova Herren. **FRÅ SALME 150**

Kjære kyrkjelyd.

Det orgelet som no skal tona i dette kyrkjerommet, vert i dag teke i bruk til teneste for Gud. Orgelet skal hjelpa oss med å tilbe Herren og å syngja for kvarandre om hans store gjerningar.

Lat oss takka og be.

L vend mot altaret | Gud, vår Far, du er den høge og heilage, du har gjeve oss tilgjenge til deg i ein Ande ved vår Herre Jesus Kristus. Ver- dig er du, Herre, til all makt og rikdom, visdom og styrke, ære og pris.

Vi takkar deg for at vi i dag kan ta dette orgelet i bruk til di ære. Lat dei som skal tilbe deg her, tena deg med glede og bera fram din pris i jublande songar.

Gud, bu med din Ande i hjarta hjå ditt folk, og fyll dette huset med din herlegdom. Lat oss alle til sist ved din nåde få syngja den nye songen for di trone i himmelen, ved Jesus Kristus, vår Herre. Amen.

Deretter følger utan opphald

Inngangssalme

Ein lovsang